

Utgiftsgodtgjersle og forskingsstipend i utlandet

Hovedregelen for stipend i arbeidsforhold er at dei er skattepliktige, men det eit skilje mellom kostnader som er i direkte samband med utføring av arbeidet (som gir frådragsrett) og andre utgifter.

Dekning av utgifter som ikkje gir frådragsrett skal handsamast som løn. Dette medfører skattetrekk for den tilsette.

Dersom mottakar av stipendet kan dokumentere meirutgifter med original kvittering på utgifter som er nødvendige av omsyn til arbeidet, og som ville kunne trekkast frå ved likninga skal berre overskuddet skatteleggast.

Kva som gir frådragsrett vil vere avhengig av familie/forsørgerbyrde, men kan typisk vere:

- Dobbelt hushaldning
- Utreise og heimreise
- Utgifter til bustad (eventuell differanse om ein leiger ut bustad heime)
- Besøksreiser (etter lignings-ABC).
- Flytteutgifter og frakt
- Skulepengar for born (for å oppretthalde utdanning tilsvarande norsk skulegang)
- Meirutgifter til barnehage/barnepass sett i forhold til utgifter i Noreg.
- Andre reelle meirutgifter (visum, vaksineutgifter ol).

Nærmare spørsmål om frådragsrett bør rettast til Skatteetaten.

Reiseutgifter for familie

Støtte for å dekke reiseutgifter for familie kan ikkje sjåast i direkte samband med utføring av arbeid, og ei dekning av slike utgifter må behandlast som løn.

Ansvar for dokumentasjon

Dokumentasjonskravet for trekk/skattefri utbetaling er arbeidstakar sitt ansvar. Uten tilstrekkeleg spesifikasjon vil stipendet bli trekkpliktig etter dei reglar som skattemyndigheitene har fastsett. Arbeidsgjevar gjer ei vurdering av skatteplikt ved stipendet, men endeleg vurdering av frådragsrett blir gjort av skattemyndigheitene ved likninga.

Innlevering av dokumentasjon

Etter at forskingsopphaldet er avslutta må stipendmottakaren seinast innan ein månad levere oppgåve som inneheld kvitteringar og andre bilag. Dersom oversikten viser at deler av utgiftene som ikkje gir frådragsrett eller ikkje er tilstrekkeleg dokumentert etter skattemyndigheitene sine reglar blir denne delen gjort om til eit trekkpliktig stipend.